



Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-30  
Journalpostid: 22/7768

Saksh: Glenn Wiik  
Telefon: 53673535

Arkivkode  
K1-033  
Dato:  
08.06.2022

## **Møtebok 07.06.2022, kl. 10.00 – 12.00**

Frammøte: Marete Sæbø, Johanna Håbrekke, Sigrud Bu, Ole-Johnny Odland, Frode Eriksen.

Ikkje møtt: Magnar Røise, Harald Næss

### **Sak 61**

#### **Godkjenning av møtebok.**

Det var ikkje merknader til møteboka. Møteboka er godkjent.

### **Sak 62**

#### **Informasjon om arbeidet på NAV og orientering om flyktningsesituasjonen.**

Jarand Høyenes kunne ikkje koma, men Trude Varberg, som er flyktningskontakt, var med oss og orienterte om status for flyktingane frå Ukraina her i Eidfjord. Me har teke imot 11 så langt, men er klar til å ta imot 19 til dersom kommunen vert bedt om det. Me har fått både eldre, vaksne og barn, og integreringa har gått bra. Heile situasjonen ber preg av at ingen veit kor lenge krigen vil vara og når dei kan flytta heim att, men dette får me berre sjå og tilpassa etter som me veit meir. Individuelle behov vil verta kartlagt, m.a. gjennom helsestasjonen. Arbeidsløyve vil verta ordna.

### **Sak 63**

#### **Info om Helsefelleskap.**

Karin F. Thrane frå bygdaheimen var med og orienterte om det nye satsingsfeltet Helsefelleskap. Dette inneber ein overordna struktur der samarbeid, kommunikasjon, samhandling og heilheitlege helsetenester vert sett i samheng..alt for å gje betre tenester til den einskilde pasient. Brukarperspektivet er sett i sentrum. Dette er ikkje noko heilt nytt, men ei vidareføring og oppgradering av eksisterande samarbeid i vår helseregion. Målet er betre kommunikasjon mellom fastlegar, sjukehus og andre spesialisttilbod. Dette vert særleg viktig innanfor felt som rus/psykiatri, kroniske sjukdomar, funksjonshemmingar.



## Sak 64

### Rehabilitering av omsorgsbustader på Evjo.

Det har vore uklart om tilstanden og status for rehabilitering av desse bustadene, og generelt om kommunal plan for vedlikehald. Det er arbeid på gang med sjølve bustadene og mykje skal vera ferdigstilt men det er ulike meiningar vedkomande uteområdet, beplanting, direkte innsyn og ulike ynskje og behov til brukarane. Dersom Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal engasjera seg direkte i dette arbeidet, må innspel drøftast i rådet på førehand.

## Sak 65

### Møtedatoar for hausten 2022

Møtedatoar: 30.08, 04.10, 08.11 + budsjettmøte ein gong i desember (møtedato ikkje fastsett enno)

## Sak 66

### Ymse

- Videooverføring frå kyrkja til bygdaheimen er uproblematisk. Dersom det skjer spesielle hendingar, som bryllaup, barnedåp o.l. og dei det gjeld ikkje ynskjer kringkasting, må sjølv sagt dette verta respektert.
- Sparebanken Vest har ytt tilskot til tilrettelegging for fiskeplass for funksjonshemma.
- Sansenhagen på bygdaheimen har fått kr. 50 000 til planlegging. Arbeidet vert lagt ut på Doffin med det første.
- Medlemer i rådet har no fått talerett i kommunestyret. Dette gjev rådet nye moglegheiter til å fremja sine synspunkt og koma med forslag til tiltak som treff våre målgrupper.
- Kommuneoverlege Rita Høvset har svart på spørsmål vedkomande ringetid på legekantoret. Utanom fast ringetid får ein informasjon om å slå 1 etter det vanlege nummeret for å få direkte kontakt. Elles er det 116117 som er legevakt og 113 om det er krise.
- Dagsturhytta vert snart ein realitet, også i Eidfjord. Det har teke lang tid å finna god plassering av ulike grunnar. No står det mellom Varbergshaugen i Ø. Eidfjord og Randolie i Eidfjord. Saka vert endeleg avgjort i kommunestyremøte 13.juni.
- Vedlikehaldet av grasplenen på kyrkjegarden kan verta betre.

Til å skriva under møteboka: Marete Sæbø og Frode Eriksen

Marete Sæbø

Frode Eriksen

---

leiar

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune

Glenn Wiik  
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok